



SJO HUS OG HYTTEUTLEIE Kjell Henning Sjo  
Postboks 89

5484 SÆBØVIK

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Mette Hjelmeland	996 400 64	2021/1239-3		12.05.2021

## SEKSJONERINGSLØYVE – delegert vedtak

**Heimelshavar: Sjo Hus og hytte utleie v/Kjell Henning Sjo**

**Seksjonering av gnr/bnr: 192/204**

**Parsellen skal nyttast til: 4 stk bustadseksjonar og 1 stk næringseksjon**

---

**Delegert vedtaksnr.: 2021/307**

### Vedtak

Kvinnherad kommune gjev i medhald av eigarseksjonslova kapittel III løyve til seksjonering av egedomen. Matrikkeleining, gnr. bnr.: 192/204

Løyvet gjeld oppdeling i 5 seksjonar.

---

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter eigarseksjonslova § 16 og forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagefristen er 3 veker frå motteke løyve. Eventuell klage skal stillast til Fylkesmannen i Hordaland, men sendast gjennom kommunen.

### Søknaden:

Søknaden gjeld beståande bygning der oppdelinga gjeld brukseiningar som er ferdig utbygd. Det vert søkt om oppdeling i 5 seksjonar, - 4 til bustadformål og 1 til næringsformål.

Tilleggsareal: Seksjon 1 (næringseksjon) har tilleggsareal i grunn og tilleggsareal i bygning. Dette er synt på situasjonskartet og i søknaden.

Fellesareal: Alt utanom definerte seksjonar og tilleggsareal i grunn og bygg til seksjon 1.

### Særskilde forhold:

Eventuelle særskilde forhold som bør omtalast.

### Gjeldande plangrunnlag:

Egedomen er omfatta av *reguleringsplan med planid 19960005 – Sæbøvik sentrum*.

**Løyve til ombygging/innreiing:**

Tiltak er handsama etter plan- og bygningslova, jf. sak 2012/2680. Det vart i nemnde sak gjeve dispensasjon frå plan, slik at tilbygg til næringsbygg kan omsøkjast. Det vart i same sak godkjent ytterlegare 1 bueining i 2.etasje. Ferdigattest for desse til tiltaka er gjeve den 08.01.2015.

**Synfaring:**

Synfaring er ikkje funne naudsynt.

**Retting i seksjonssøknaden:**

Det er, etter avtale, gjort rettingar i seksjoneringssøknaden. Sakshandsamar har ført på B i felt 4 – seksjon 1, under feltet tilleggsareal. Seksjon 1 skal ha tilleggsareal til både grunn og bygning.

**Retting av vedlegga til seksjoneringssøknaden:**

Det er ikkje gjort rettingar i vedlegga til seksjoneringssøknaden.

**Plan- og bygningsmessig vurdering:**

Kommunen finn at søknaden tilfredstiller krava i eigarseksjonslova § 7.

Kommunen vil presisera at løyve til seksjonering ikkje medfører noko form for godkjenning etter plan- og bygningslovgivinga.

**Vidare handsaming:**

Seksjoneringssøknaden vedlagt etasjeplanar og situasjonsplan vil verta vidaresendt til Statens kartverk for tinglysing og formell oppretting av nye seksjonar etter at klagefristen er gått ut. Etter tinglysing vil original seksjonssøknad og eit komplett sett av vedlegga verta returnert til dykk herifrå.

**Merknader:**

- Rekning for handsamingsgebyr ifølge vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå økonomikontoret til søkjar.
- Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **[www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no)**

*For kommunedirektøren i Kvinnherad*

Mette Hjelmeland  
*Fagkoordinator oppmåling*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

**Kopi til:**

Referatsak forvaltningsutvalet